

Prosjekt Fron Vest 2018 - 2019, Sluttrapport

Bakgrunn for prosjektet

Det to-årige *prosjektet Fron Vest* vart sett i gang våren/sommaren 2018 og ført vidare i beitesesongen 2019. Bakgrunn for prosjektet var at det over fleire år har vore store tap av sau på utmarksbeite, både innan enkeltbuskarar og beitelag på Fron vestsida. Prosjektet omfatta deler av utmarksbeite på vestsida av Lågen i kommunane Nord-Fron og Sør-Fron. Prosjektområdet vart i både 2018 og 2019 avgrensa til beiteområde for dei to beitelaga Kvam vestsida beitelag (Nord-Fron) og Børkdalsfjellet beitelag (Sør-Fron).

Utfordringa har vore og er framleis at det er vanskeleg å få dokumentert skadar i beitesesongen. Det har vore gjennomført ei rekkje førebyggjande tiltak over fleire år. Mellom anna har det vore tilsett gjetarar dei siste åra, og det har vore brukt kadaverhundekvipasjar. Vidare har saueigarane gjort ein stor innsats gjennom ordinært og ekstraordinært tilsyn gjennom heile beitesesongen.

Kvam vestsida beitelag er det beitelaget i Nord-Fron som har hatt størst tap dei siste seks åra. Børkdalsfjellet beitelag har tidlegare hatt svært låge tap av beitedyr, men hadde i 2017 ei betydeleg auke i tap utan at ein greidde å dokumentere skadane. Båe beitelaga har utmarksbeite innafor beiteprioritert område.




Lam med Telespor radiobjølle på klave m/strikk.

Foto: Pål Kjørstad.


Lamma på bilete over er her utstyrt med Telespor radiobjølle på klave m/strikk slik at klaven kan veksa med lammet. Utstyret ser i fyrste omgang ikkje heilt greitt ut å ha på små lam ved vårslepp, men prosjektet har synt at utstyret i nesten 100% av alle tilfelle har vorte verande på lamma, og lamma har vakse minst like mykje som lam

utan. Av 800 lam har 1 lam mista utstyret, og eit 70 kg tungt lam om hausten hadde små merker etter klaven. Lam heilt ned i 9 kg levande har vorte sleppt med radiobjøller. Radiobjøllene er avhengige av mobildekning. Beitelaga i prosjektet er gjennomsnittlege beitelag i Oppland/Innlandet med bra mobildekning, men har også utfordrande område utan god nok dekning.

Figurane nedanfor syner utvikling i tapsprosent i perioda 2001-2019 for beitelaga.



Figur 1. Tapsprosent for søyer og lam Kvam Vestside beitelag 2003-2019. Kjelde: Organisert beitebruk.



Figur 2. Tapsprosent for søyer og lam Børkdalsfjellet beitelag 2001-2019. Kjelde: Organisert beitebruk.

Mål med prosjektet og praktisk gjennomføring

Målsetting med prosjektet er å dokumentere årsaker til tap av lam på utmarksbeite. For dei to beiteområda dvs. Kvam vestsida beitelag og Børkdalsfjellet beitelag vart det lagt opp til gjennomføring av ulike tiltak og dei vil derfor bli omtala kvar for seg.

Kvam vestsida beitelag – praktisk gjennomføring

Innanfor Kvam vestsida beitelag vart sauebuskapan tilhøyrande Odd Arne Myromslien valt ut til prosjektet. Bakgrunn var at denne buskapan har hatt store tap over mange år, sjølv om det har vore gjennomført omfattande tiltak i sauebuskapan for å redusere tap av søyer/lam på utmarksbeite. Buskapan har store tap utan at ein er kjent med, eller har fått dokumentert tapsårsak. I samband med val av buskap/ev. buskapar til prosjektet vart det lagt vekt på at buskapan måtte ha årlege tap og vera av ein slik storleik at prosjektet kunne gje noko svar.

Myromslien sleppte i underkant av 800 søyer og om lag 1600 lam på utmarksbeite sommaren 2018 og i overkant av 600 søyer og omlag 1300 lam i 2019. Telespor radiobjøller på raud klave med strikk vart montert på 400 prosjektlam i buskapan båe åra. Det vart i 2018 lagt ned eit omfattande og systematisk arbeid i samband med utplukk av lam. Lamma var etter søyer eller syster av søyer som har hatt tap (historiske tap) på utmarksbeite dei siste 3 åra. Det vart fylt opp med lam av åringar for å oppnå ønska tal lam dvs. 400 stk. Alle lamma (tvillingar/ev. trillingar) på søyer som vart utplukka fekk radiobjølle. Sauene vart sleppt på utmark i tida 28. mai til 7. juni.

I 2019 vart det sett på meir vilkårleg på enkelsleppdagar for å få eit breitt utval av alle lam i tida 28. mai til 27. juni. Radiobjøllene vart montert på ved vårslapp. Vårvekt vart registrert på alle lamma. Lamma vart behandla mot snyltarar og sjekka for «beitedyktigheit».

Pål Kjørstad og Jonny Mathisen saman med saueeigar har organisert og utført det praktiske prosjektarbeidet. Dette omfattar mellom anna tilgang på utstyr, utplukk av dei lamma som skulle ha radiobjølle, starting og registrering av radiobjøllene, montering av radiobjøllene på lam inkludert id nr. på lammet i forhold til telespor-nr, slapp av dyra på utmarksbeite, oppfølging av alarmer og oppdatering av sauekontrollen, registreringsarbeid, organisering av kadaverhundekvipasjar og utarbeiding av rapporteringsgrunnlag i samband med prosjektet.


Det vart plassert ut to saltsteinsavlesarar i Måsåhola og Øldalen i 2018, men ikkje i 2019. Det vart registrert tekniske problem i høve til saltsteinsavlesarane.

Kadaverhundekvipasjar frå Norske Kadaverhunder gjekk tilsyn i beiteområde når det vart registrert noko «unormalt» i beiteområde og ved behov.

Det vart også oppretta ei SMS-gruppe for administrasjon og brukarar. SMS-gruppa vart brukt for å gje informasjon om prosjektet og ved alarmer frå elektronisk overvaking, funn av kadaver og andre opplysningar eller beskjedar som måtte ut.

Radiobjøllene vart stilt inn på 6 timar rapporteringsintervall, varsling etter 3 timar utan bevegelse, varsling etter 2. rapport med mindre enn 25 meters minimumsflytting. Ved alarm eller andre funn skulle gruppa varslast og personell helst rykke ut innan 1 time. I tillegg til bruk av radiobjøller med dødsvarslar på lam og saltsteinsavlesarar vart det som nemnt planlagt bruk av ekvipasjar med kadaverhund i område med påviste skadar.

Ved usikker/ukjent tapsårsak vart det gjort avtale med Veterinærvakta Fron om obduksjon – dersom dette vart vurdert som føremålstenleg.



Bilete viser korleis beitekartet på telespor.org såg ut ein sommardag i 2018.

Resultat - Kvam vestsida beitelag

Telespor radiobjøller på prosjektlamma fungerte i 2018 bra fram til om lag 25. juli. Etter dette tidspunktet vart mange av radiobjøllene tomme for straum dvs. det var feil firmware i telespor-einingane. Feilen starta med at vi skulle peila radiobjøllene, og det viste seg at firmware 32, som alle var utstyrt med, ikkje hadde peilefunksjonen i seg. Dermed vart det forsøkt ei oppdatering til firmware 37, som viste seg trekte for mykje straum, og radiobjøllene stoppa etterkvart.

I 2019 gjekk det meste etter planen og berre nokre få stoppa grunna ein eller anna årsak. Alle 2018-modellene som virka vart oppdatert til firmware 46 før sesongen 2019, og vi fylte på med nye einingar frå 2019 som hadde firmware 53.

Tabell 1. Oversikt over radiobjøller brukt til prosjektlamma i Kvam Vestside

| Modell/firmware | 2018 | 2019 | Rapporterings-intervall/firmware |
|------------------|----------|----------|----------------------------------|
| 2018/firmware 32 | 175 stk. | | Frå start 8 timer 15/06: 6 timar |
| 2018/firmware 37 | 225 stk. | | Firmware 37 frå 17/06: 6 timar |
| 2018/firmware 46 | | 291 stk. | 6 timar |
| 2019/firmware 53 | | 109 stk. | 6 timar |

| 2018 | Hendingar |
|----------|--|
| 01.jul | 10 einingar med firmware 32 hadde stoppa i juni i oppdateringsfasa |
| 27.jul | Oppdaga at mange einingar hadde stoppa/var i ferd med å stoppe |
| 31.jul | 152 einingar, de fleste m/37 stoppa i juli, med eit ras dei siste dagane |
| 01.aug | Skifta frå 6 til 12 timars sendeintervall for å spare batteri |
| 30.aug | 134 einingar, både 37 og 32 stoppa i august |
| 15.sep | 41 einingar, både 37 og 32 stoppa før 15/09 |
| 15.sep | 337 einingar + dei på uoppdaga kadaver hadde stoppa før sankinga. |
| 01.nov | Berre 10 av 400 einingar virka heile sesongen |
| 2019 | Hendingar |
| 01. juli | 9 einingar m/46 stoppa eller gjekk i område utan dekning i juni og stoppa |
| 01.aug | 12 einingar m/46 stoppa eller gjekk i område utan dekning i juli og stoppa |
| 01.sep | 10 einingar m/46 stoppa eller gjekk i område utan dekning i aug. og stoppa |
| 01.okt | 367 einingar virka heile sesongen |
| 01.okt | 50 einingar stod markert utanfor dekning på beitekartet ved sesongslutt |

Resultat registrert i høve til dei 400 prosjektlamma i både 2018 og 2019:

Tal frå 2018//2019 er skrive slik at fyrste tal gjeld 2018

- 15//17 prosjektlam vart funne døde (kadaver) derav 14//17 lam funne på grunn av alarm.
- 2//1 lam vart dokumentert kongeørn 30/06,30/06//23/08
- 2//0 lam er antatt sikkert kongeørn 04/07,11/07//-
- 1//6 lam dokumentert gaupe 15/07//11/07,20/08,20/08,20/08,30/08
- 0//1 lam er antatt sikkert gaupe -//23/07
- 1//0 lam antatt sikkert teke av jerv 01/08//-
- 0//1 lam er dokumentert teke av hund 0//24/07
- 9//8 lam ukjent tapsårsaker som lynnedslag, påkjørsel, udokumentbare skader, oppete m.m.
- 16 lam vart teke heim att i 2018 og 2 lam i 2019, grunna beiting på feil stad

Prosjektet har dokumentert avdekka at 3 rovviltartar (kongeørn, gaupe og jerv) står for dokumenterte skader i beiteområde.

Det er 6 prosjektlam som er dokumentert/antatt sikkert drepe av freda rovvilt i perioda frå slepp på utmark og fram til 1. august i 2018. I 2019 er talet 7. Av dei 400 prosjektlamma var det i 2018 ein tapsprosent på 7,5% dvs. 30 lam, medan det i 2019 var ein tapsprosent på 5,5%, dvs. 22 lam.

Registrering av vårvekt og haustvekt for buskapen syner at prosjektlamma med radiobjøller/klaver har hatt like god tilvekst som andre lam i buskapen, og i 2019 er det til og med betre tilvekst på prosjektlamma. Oversikt over vårvekt og haustvekt er sett opp i tabell 2 nedanfor.

Tabell 2. Vekter lam 2018/2019.

| Registrering | Vårvekt (snitt) | | Haustvekt (snitt) | | Tap prosent | |
|--------------|-----------------|------|-------------------|------|-------------|------|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Prosjektlam | 15,8 | 17,4 | 44,1 | 41,6 | 7,5 | 5,5 |
| Andre lam | 16,2 | 18,6 | 44,0 | 39,4 | 14,5 | 16,2 |
| Alle lam | 16,1 | 18,1 | 44,0 | 40,2 | 12,8 | 12,8 |

Ser ein på fordeling av tap og tapsårsakar lam, så finn ein desse tala:

Tabell 3. Antall tap/tapsårsakar lam 2018/2019.

| Registrering | Antall ikkje attfunne | | Antall freda rovvilt | | Antall anna/ukjent/attfunne | |
|--------------|-----------------------|------|----------------------|------|-----------------------------|------|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Prosjektlam | 15 | 5 | 6 | 7 | 8 | 10 |
| Andre lam | 175 | 108 | 2 | 4 | 0 | 10 |
| Alle lam | 190 | 113 | 8 | 11 | 8 | 20 |

Tabell 4. Tapsprosent lam 2018/2019.

| Registrering | Tap% lam | | Dokumentert tap% freda rovvilt | | Anna tap i % | |
|--------------|----------|------|--------------------------------|-------|--------------|-------|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Prosjektlam | 7,5 | 5,5* | 0,15 | 1,75* | 7,35 | 3,75* |
| Andre lam | 14,5 | 13,8 | | | | |
| Alle lam | 12,8 | 11,2 | | | | |

*Resultat av tapsprosent på prosjektlam i 2019 ser normalt ut, der «normaltapet» kjem ut på 3,75%. Ei såpass stor gruppe som 400 lam visar at buskapen i alle fall ikkje har noko sjukdomsproblem. Dei høge tala på lam utan radiobjøller visar kor vanskeleg eller umogleg det er å finna kadaver og i tillegg dokumentera dei.

Snitt vårvekt på tapte lam (144 stk.) i 2019 var 15,0 kg.

Av buskapen på 616 søyer var det 126 søyer som tapte lam i 2019, herav 109 søyer som tapte 1 lam, 16 søyer som tapte 2 lam og 1 søye som tapte 3 lam.

Når det gjeld tapte søyer (72 stk.) i 2019, hadde 12 av disse også tapt lam.

Tabell 5. Tal prosent lam i vektgrupper 2019, vårvekt.

| Vårvekt/lam | under 10 kg | 10-14 kg | 15-19 kg | 20-24 kg | Over 25 kg |
|-------------|-------------|----------|----------|----------|------------|
| Prosjektlam | 0,75% | 24,5% | 49,0% | 22,0% | 3,75% |
| Andre lam | 3,2% | 12,5% | 43,0% | 31,7% | 9,6% |
| Alle lam | 2,7% | 17,6% | 45,5% | 27,2% | 7,0% |

I tabell 6 og 7 nedanfor er det, basert på tal innrapportert til organisert beitebruk (OBB), sett opp oversikt over tapsprosent for lam og søyer i beitelag som grensar inntil kvarandre på vestsida av Laugen.

Tabell 6. Lam sleppte og tapte i besetningen, beitelaget og nabobeitelaga.

| Beitelag | Sleppte | | Tapsprosent | |
|--------------------|---------|------|-------------|-------|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Prosjektbuskap | 1611 | 1284 | 12,8% | 11,2% |
| Kvam Vestside | 2021 | 1862 | 8,4% | 11,1% |
| Breistulen | 1199 | 1042 | 6,1% | 5,7% |
| Kvikne og Sorperoa | 1659 | 1509 | 4,3% | 4,8% |
| Høgsetra | 410 | 294 | 12,7% | 10,2% |
| Sjolia | 1035 | 636 | 9,3% | 5,3% |

Tabell 7. Søyer sleppte og tapte i beitelaget og nabobeitelaga.

| Beitelag | Sleppte | | Tapsprosent | |
|--------------------|---------|------|-------------|-------|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Prosjektbuskap | 766 | 616 | 9,4% | 11,7% |
| Kvam Vestside | 1030 | 907 | 8,1% | 9,1% |
| Breistulen | 632 | 541 | 4,2% | 2,6% |
| Kvikne og Sorperoa | 844 | 800 | 3,8% | 3,0% |
| Høgsetra | 188 | 175 | 5,3% | 0,0% |
| Sjolia | 677 | 406 | 5,3% | 2,2% |

Data frå OBB syner at det er fleire beitelag i dette området som har høge tapstal både for lam og søyer.

I 2019 opplevde nabobeitebrukar til prosjektet i vest store tap, og har etter opplysningar vi har fått dokumentert 4 lam teke av gaupe og 3 lam teke av kongeørn. Prosjektbuskapen har på vårbeite i 2019 mista mange lam til kongeørn, da eit individ av denne arten terroriserte vårbeite ei lengre periode. Dette resulterte i 3 dokumenterte ørneskader og eit titals hendingar med «ukjent årsak».

Sporlogg av turar med kadaverhundekvipasjar i Kvam Vestside 2019:



Med bakgrunn i at det vart dokumentert skadar av kongeørn på lam i beiteområdet engasjerte Fylkesmannen Geir Høitomt v/ Kistefos Skogtenester til å gjennomføre feltarbeid i tida 11.-12. juli og den 14. juli 2018. Det føreligg rapport datert 15. juli 2018 over kartlegginga. I samband med det vi i prosjektet såg på som urettferdige og gale vedtak gjort av SNO i tapsårsaker til kongeørn sendte prosjektet i 2018 inn 2 klager til nasjonal gruppe i SNO for å prøve sakene på ny utan å vinna fram.

Nokre erfaringar og konklusjonar etter fyrste prosjektåret


Innleiingsvis er det naturleg å peika på at ein fyrste året av prosjektet fekk ein svært uheldig feil med "firmware" i telesporeiningane, noko som medførte problem med batterikapasiteten på radiobjøllene frå månadsskiftet juli/august. Før dette problemet oppstod fungerte radiobjøller/dødsvarslarane på lam svært godt, slik at ein kunne finne kadaver raskt, noko som førte til at det vart dokumentert tapsårsaker av lam til både kongeørn, jerv og gaupe innan prosjektområdet.

- Erfaring tilseier at ein ikkje hadde klart å dokumentere tapsårsak for prosjektlamma utan bruk av radiobjøllene!!!
- Ein ser òg at tidsfaktoren er svært avgjerande, og at når det blir respondert raskt på alarm frå radiobjøllene er moglegheitene til å dokumentere tapsårsak større.
- Elles kan ein påpeike at fugl, varmen sommaren 2018, terreng og vegetasjon er med på å gjera det vanskeleg å finne kadaver og få dokumentert tapsårsak.
- Kadaverhundekvipasjar finn kadaver, men ofte for seint i forhold til å kunne få dokumentert tapsårsak.
- Tapsprosenten på prosjektlamma - lam med klave var 7,5%.

- Lam med klave hadde like stor tilvekst som lam utan klave.
- Prosjektet har avdekket at minst tre rovviltartar, kongeørn, jerv og gaupe stod for dokumenterte/antatt sikre skadar.
- Det kan sjå ut som at tap av lam til kongeørn er ei stor utfordring i prosjektområdet, og det vart dokumentert/antatt sikre tap av fire lam. Det vart søkt om skadefelling på kongeørn, men denne vart avsløge.
- Prosjektet bør gå over fleire år for at ein kan sikrere kunne fastslå omfanget av rovviltskadar over ei periode, og for å sikre dokumentasjon av skadegjerarar enda betre. Dette har òg vore drøfta med Fylkesmannen.
- Det er av interesse å sjå på prosjektet også med stordrift som tema. Ein ser utfordringane, men konkluderer ikkje med at tapa har noko vesentleg med stordrift å gjere.
- Prosjektet har hatt eit svært godt og ope samarbeid med husdyreigar, som har stilt seg sjølv og buskapen til disposisjon for prosjektet.
- Prosjektet har vist at beitelaga innan prosjektområdet gjer mykje bra arbeid både enkeltevis og i fellesskap, men har likevel eit potensial til å bli endå betre når det gjeld organisering og samarbeid.

✚ Børkdalsfjellet beitelag – praktisk gjennomføring

Børkdalsfjellet beitelag i Sør-Fron har i mange år hatt svært låge tapstal for sau på utmarksbeite. Men i 2017 var det 4 beitebrukarar som fekk store lammetap. Derfor vart beitelaget med som ein del av prosjekt Fron Vest. Det vart planlagt og gjennomført tilsynsrundar med bruk av kadaverhundekvipasjar 2 gonger pr. veke, kvar måndag og torsdag, i heile utmarksbeitesesongen. Norske Kadaverhunder utførte tilsynet. I tillegg vart det gjennomført eige tilsyn frå sauëigarane.




Kartet viser kadaversøksområde i fjellområde.

Beiteområdet som beitelaget brukar vart oppdelt i 4 kadaversøksområder, som kvar var berekna til eitt dagsverk. Det vart bestemt 3 områder i bjørkelia, 1 frå Graslia til Tverråa, 1 frå Tverråa til Stokksetra og 1 frå Stokksetra til Børkdalen.

Det siste området vart definert innpå fjellet mellom Børka/Nedre Børkdalsvatnet/Tverrfjellet/Svartkampen/Storlebba, sjå kart førre side med områdedefinering med tjukk strek og eksempel på rute med tynn strek.

Norske Kadaverhunder har utarbeidd logg over tilsynsruter. Loggane er sendt over til Fylkesmannen i Oppland/Innlandet, men vi tek med døme på ein tur, slik at ein ser korleis ein slik logg ser ut:



- Navn: Kristian Kronberget
- Dato: 07-06-2018
- Timer: 7,5
- Sporlogg: 11,1 km
- Kjøring: 80 km
- Kommentar: Ingen ferske funn, halt søye nr. 50561 venstre bakfot, kadaver fra i fjor med bjelle, bjella henger på grinda til Stokke seter, ellers har jeg sett mye sau, med store pene lam
- Funn: Ingen

Resultat for Børkdalsfjellet beitelag

Kadaverhundekvipasjar gjennomførte 31 tilsynsrundar i beiteområdet i 2018 og 17 i 2019. Det meste av dette vart gjort av Kristian Kronberget, men Audun Ersvær og Nils Steinvik har òg vore innom. I 2019 vart hunden til Kristian lam etter turen den 7.

august og kunne ikkje arbeida resten av beitesesongen. Dette var synd, men tilsynet har vorte gjennomført såpass godt at vi har mykje data. Tilsynet gav følgjande resultat desse åra:

2018: Det vart funne daude/kadaver av 11 søyer og 8 lam. I tillegg vart det registrert 42 gamle funn (bein eller ull). Det vart funne nokre ferske kadaver, men ingen vart dokumentert som drepe av freda rovvilt, sjølv om enkelt dyr likna mykje på ørnedrepne:



Bilete viser kadaver som likna på ørnedrepe.

2019: Det vart gått 17 turar mellom 6. juni og 7. august. Kristian skriv: «Starten den 6. juni var ein liten tur der det akkurat var sleppt sau, så det var litt kaos i den dagen, men det roa seg fort. Eg gjekk på nokre alarmer og elles var det stille og roleg. Det vart funne 5 søyer med ryggvelt før eg fann det fyrste lammet den 2. juli utan synlege skader. Eg fann lam og søyer på kvar tur eg gjorde, og var heilt opp i 8 stk. på to turar.

Totalt vart det 17 turar. Funn: 7 søyer og 18 lam. Siste turen vart 7. august, fordi hunden min vart lam og ikkje greidde og stå, men nå er hunden heilt frisk att vorte. Vi har ikkje prøvd lange turar, men vi går greit 5-6 kilometer. Eg må berre beklaga at eg ikkje fullførte heile sesongen, det var harmeleg fordi hunden var veldig god på slutten».

Tabell 8. Oversikt over tilsynsturar med resultat.

| Tekst | Antall kadaversøk | | Funn | | Kommentarar | |
|-----------------|-------------------|------|-------------------|-------------------|-----------------------------------|---|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Børkdalsfjellet | 31 | 17 | 11 søyer 8 lam | 7 søyer 18 lam | 46 funn av kadaver frå 2017 | Fleire funn vart undersøkt av SNO |

Sporlogg frå kadaverhundekvipasjar med funn samla for 2018:



I tillegg vart det i 2019 brukt 100 Telespor radiobjøller på lam i Børkdalsfjellet. Her vart 65 brukt i buskapan til Pål Egil Rønn og 35 i buskapan til Helene Solerød og Ola Kjørstad. I tillegg har desse også til saman 47 søyer med Telespor radiobjøller.

Tabell 9. Oversikt over radiobjøller brukt på søyer/prosjektlamma i Børkdalen.

| Modell/firmware | 2018 | 2019 | Rapporterings-intervall/firmware |
|-----------------------|------|----------|----------------------------------|
| 2019/firmware 53 | 0 | 100 lam | 6 timar |
| 2019/firmware 53 | | 6 søyer | 8 timar-2 stoppa |
| 2017-18/firmware 46 | | 7 søyer | 8 timar-1 stoppa |
| 2010-12/firmware 1068 | | 2 søyer | 8 timar-alle ok |
| 2010-12/firmware 1069 | | 32 søyer | 8 timar-1 stoppa-3 m/ alarmfeil |

| 2019 | Hendingar |
|--------|---|
| Juli | 3 einingar på lam vart stoppa etter alarm og funn av døde lam |
| August | 1 eining vart stoppa på lam etter alarm og funn av dødt lam |
| Haust | Alle 100 einingar på lam virka heile sesongen |

Det vart dokumentert 1 lam teke av kongeørn grunna radiobjøllene.

Nokre erfaringar og konklusjonar etter fyrste prosjektår

Tapstala både for søyer og lam syner ein betydeleg nedgang i 2018 i forhold til 2017. Dette er svært positivt. Men ein ser det som viktig å førebyggje ei eventuell negativ utvikling med tanke på tap i beiteområdet. Frå Børkdalsfjellet beitelag er det derfor eit ønske om vidare prosjektdeltaking i 2019

Sporlogg frå kadaverhundekvipasjar med funn samla for 2019:



Tabell 10 syner tal frå OBB i 2018 og 2019 for Børkdalsfjellet beitelag. For 2018 var tapstala både for søyer og lam relativt låge, mens i 2019 har lammetapa auka att. I hovudtrekk ser ein òg at søyetafet er noko høgare enn forventa

Tabell 10. Søyer og lam sleppt og tapt i Børkdalsfjellet beitelag 2018 og 2019.

| Tekst | Sleppte | | Tapte / tapsprosent | |
|-------|---------|------|---------------------|-----------|
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Søyer | 1440 | 1372 | 35 / 2,4 | 31 / 2,3 |
| Lam | 2719 | 2509 | 76 / 2,8 | 112 / 4,5 |

Under tilsynsrutene vart det observert mange gamle funn (bein) antatt frå 2017. Beingrindene var til dels store, noko som kan tyde på at skadane/tape skjedde mot slutten av beitesesongen. Det vart også plassert saltsteinsavlesarar i Lebblia i Kjørstadteigen og i Sameigteigen i 2018, men desse har ikkje fungert. Det vart registrert tekniske problem i høve til dei.

Prosjektkostnader/økonomi eks. mva 2018 samla for prosjektet:

| | |
|-----------------------|------------------|
| Bruk av kadaverhund | kr 78209 |
| Saltsteinavlesere | kr 6000 |
| Innkjøp av klavar | kr 17600 |
| Leige av radiobjøller | kr 104000 |
| Prosjektarbeid | kr 137515 |
| Sum økonomi | kr 343324 |

Prosjektkostnader/økonomi eks. mva 2019 samla for prosjektet:

| | |
|-----------------------|------------------|
| Bruk av kadaverhund | kr 87419 |
| Obduksjon | kr 340 |
| Leige av radiobjøller | kr 84800 |
| Prosjektarbeid | kr 246452 |
| Sum økonomi | kr 419011 |

Detakarar i prosjektet herunder administrasjon/brukar- og ressursgruppe:

- Prosjektleder: Geir Johan Groven
- Administrasjon eller: Øyann Brandstad, Hilde Hammer, Hilde H. Baukhol og Eldri Siem
- Norske Kadaverhunder v/Jonny Mathisen
- Oppland Radiobjøllelag v/Pål Kjørstad
- Beitebrukar m/radiobjøller: Odd Arne Myromslien
- Beitelag:
 - Kvam vestsida beitelag v/Odd Arne Myromslien
 - Kvikne og Sorperoa beitelag v/Ola Masseng Sylte
 - Breistulen beitelag v/Erling Magnus Vaterland
 - Børkdalsfjellet beitelag v/Pål Egil Rønn
- Beitesnap v/Ivar Sylte

Erfaringar og konklusjonar samla for prosjektet:

- Erfaring tilseier at ein ikkje hadde klart å dokumentere tapsårsak for prosjektlamma utan bruk av radiobjøllene!!!
- Ein ser òg at tidsfaktoren er svært avgjerande, og at når det blir respondert raskt på alarm frå radiobjøllene er moglegheitene til å dokumentere tapsårsak større og motsatt ved venting.
- Elles kan ein påpeike at fugl, sommarvarme, terreng, vegetasjon er med på å gjera det vanskeleg å finne kadaver og få dokumentert tapsårsak.

Konklusjon 1: Beitebrukarar som utfører vanleg tilsyn på utmarksbeite etter dyrehaldforskrifta og utan hjelpemiddel vil sjeldan eller aldri kunne finna dokumenterbare lam slik at myndighetene erstattar dei tapa ein beitebrukar har rett til etter erstatningsforskrifta. Lova i seg sjølv seier at beitebrukar har rett til full erstatning ved skader forårsaka av freda rovvilt. Men det seier seg sjølv at erstatningsforskrifta og ikkje minst retningslinjene og forvaltninga av denne forskrifta bryt med lova, da det i praksis er meningslaust og heilt uråd for ein beitebrukar å kunne skaffe fram god nok dokumentasjon.

- Kadaverhundekvipasjar finn kadaver, men ofte for seint i forhold til å kunne få dokumentert tapsårsak.

Konklusjon 2: Kadaverhundekvipasjar er kome for å bli og må brukast meire og meire til generelt og planlagt tilsyn. Her kan også i mange høve gjetarhunden/gardshunden med litt utdanning gjere god nytte. Det må arbeidast for at tilsyn i beitelaga i aukande grad vert gjort i kombinasjon med hund og elektronisk overvaking. Når ikkje dokumentasjonen er god nok, må forvaltninga ta større omsyn til historisk dokumentasjon og til den einskilde dokumentasjonen enn dei gjer i dag.

- Tapsprosenten på prosjektlamma - lam med klave var signifikant lågare enn på andre lam. Ein såg at gaupa hadde problem med å avlive lam med klave hjå Myromslien i 2019. Tapsprosenten auka òg i nabobuskarar som ikkje hadde lam med sporing.
- Lam med klave hadde like stor tilvekst som lam utan klave.

Konklusjon 3: Klave med strikk på lam ser ikkje ut til å vera noko hinder for tilveksten i forhold til lam utan klave. Ein må likevel merka seg at ein må ta seg god tid når ein har på desse i forhold til for stram/for slakk klave. Det er ganske sikkert at rovvilt som gaupe og kongeørn helst tek lam utan klave dersom det er tilgang til dette. I dag finnst det ikkje elektronisk overvakingsutstyr ein kan nytta utan denne klaven. Klaven må byttas så snart den har ei skade, og det er strikkdelen som er det svake leddet.

- Denne type prosjekt bør gå over fleire år for sikrare kunne fastslå omfanget av rovviltskadar over ei periode, og for å enda betre sikre dokumentasjon av skadegjerarar. Dette har òg vore drøfta med Fylkesmannen.
- Det er av interesse å sjå på prosjektet også med stordrift som tema. Ein ser utfordringane, men konkluderer ikkje med at tapa har noko vesentleg med stordrift å gjere, utanom at det handlar om mange dyr.
- Prosjektet har avdekka at minst tre rovviltartar, kongeørn, jerv og gaupe, står for dokumenterte/antatt sikre skadar på Fron Vestside.
- Det kan sjå ut som at tap av lam til kongeørn og gaupe er ei stor utfordring i prosjektområdet. Det har i prosjekttida vore mindre jerv i dette området, og skaden til denne er dermed på eit lågare nivå enn antatt.

Konklusjon 4: Prosjektet har avdekka at det i området er ei utfordring med freda rovvilt. Prosjektet har etter prosjektdeltakarene sitt syn også bevist dette,

og prosjektlamma i Kvam Vestside viste dette tydeleg i 2019. Da 400 lam eller 30% av lamma i buskapen til Myromslien i 2019 har tapsprosent på 5,5%, og 2% av dette tapet er dokumenterte rovviltskader er dei resterande lamma, 3,5%, svært nær normaltapet. I tillegg må ein ikkje gløyma at fleire av lamma blant dei 3,5% også har usikker dødsårsak, som i rovvilterstatningssamanheng til ein viss grad vert erstatta. Da erstatningsvedtaka i seinare åra ofte nemner tapsårsaker som hund, rev, sjukdom osv. så viser dette prosjektet at slike saker er som før antatt rekna inn i normaltapet. For kvifor er ikkje fleire eller ein større andel av prosjektlamma borte? Prosjektlamma var teke tilfeldig ut og hadde same helsestatus som alle andre lam i prosjektet.

- Det har vorte søkt om skadefelling på kongeørn, men desse vart avslage.
- Det har vorte søkt om skadefelling på gaupe, som har vorte innvilga.

Konklusjon 5: Kongeørn er i forvaltningssamanheng beitebrukarane sin skrekk. Arten er som vi før har skjont i praksis totalfreda, og svært vanskeleg å unngå skadar til, dersom ein ikkje har lamma inne, og det er som alle skjønar ikkje tilrådeleg korkje økonomisk, dyreveldferdsmessig eller omdømmemessig. At ei kongeørn som Myromslien opplevde i vår, med omfattende angrep på lam på innmark, ikkje kan takast ut er eit stjerneeksempel der forvaltninga faktisk kan ta ut ein skadevoldar utan at bestanden vert trua.

- Prosjektet har hatt eit svært godt og ope samarbeid med husdyreigar, som har stilt seg sjølv og buskapen til disposisjon for prosjektet.

Konklusjon 6: I rovviltsaker og beitesaker vert beitebrukarar handsama som ein og ein person. For mange er dette utfordrande. Prosjektet er svært glade for at nokon få vil bruka seg sjølv og leggja seg sjølv til hogg både for forvaltninga, prosjektet, beitelaget og nabobeitelaga.

Samandrag med stutte konklusjonar og svar i prosjektet:

- Beitebrukar greier ikkje dokumentere nok skadde/drepe dyr til å få erstatta det han har krav på.
- Radiobjøller er det beste verkemiddelet for å oppnå tilstrekkeleg dokumentasjon av skader i beiteområde.
- Kadaverhundekvipasje er det nest beste verkemiddelet.
- Tilsyn vert best ved å ta med ein hund, gjetarhunden kan gjerne brukast.
- Tilsyn utan GPS og GPS-kunnskap er det liten vits å drive med.
- Prosjektet må kunne hjelpe beitebrukarar i framtidige erstatningssaker.
- Tap av lam med klave er signifikant mindre enn utan klave.
- Kongeørn er i praksis totalfreda.
- Ein når ikkje fram med klagesaker til SNO.
- Elektronisk overvaking krev god oppfølging både heime og ute på beite.
- Prosjektet har gjeve klart svar på at freda rovvilt er ei utfordring på Fron Vestside.
- Helse til lamma er ikkje så langt vi kan tolka tala noko problem.

Fron 27.11.2019

Jonny Mathisen, Pål Kjørstad og Geir Johan Groven.